

ÅRSMELDING 2020

FOR

JONDAL SOKNERÅD



MEDLEMMER I JONDAL SOKNERÅD

2019-2020 (etter kyrkjevalet)

Cecilie S. Stærnes	leiar
Anne Røymsstad	nestleiar
Ingebjørg Grøtt	kasserar
Karin Gangdal	skrivar
Åse Marit Jørgensen	medlem
Tørres Mæland	fellesrådsrepresentant
Stein Ove Skadal	geistleg representant

Marit Hessvik	1 vara
Maria E. Sørheim	2 vara
Asta Nøkland	3 vara
Kristine Gangdal	4 vara
Anna S. Gagnon	5 vara

Tørres Mæland møtte fast i Ullensvang kyrkjelege fellesråd (UKFR) og Cecilie S. Stærnes var vara. Tørres Mæland blei tilsett som kyrkjevevjerje i Ullensvang Kyrkjelege Fellesråd oktober 2020 og tråtte difor ut av soknerådet. Cecilie Stærnes gjekk inn som fellesrådsrepresentant.

2020-2021

Anne Røymsstad	leiar
Åse Marit Jørgensen	nestleiar
Ingebjørg Grøtt	kasserar
Karin Gangdal	skrivar
Marit Hessvik	medlem
Cecilie Stærnes	fellesrådsrepresentant

Maria E. Sørheim	1 vara
Asta Nøkland	2 vara
Kristine Gangdal	3 vara
Anna S. Gagnon	4 vara

PREST

Prestesituasjonen har vore skiftande. Vi har ikkje hatt prest i soknet sidan Carsten Mrusek tok ut permisjon i august/september 2019.

Stein Ove Skadal var fungerande sokneprest i Jondal sokn frå pinsedag 2019 til september 2020. Han vart då flytta til Røldal og Skare.

Han var geistlig representant i Soknerådet den tida han var her.

Tom Sverre Tomren, Marna Roer og Arne Opsahl-Engen var vikarar for sokneprest i Jondal Sokn fra 1.9.2020

UTVAL

Kyrkjemusikalsk utval : Åse Marit Jørgensen er soknerådet sin representant.

Diakoniutval: Karin Gangdal, Ingebjørg Grøtt og Åse Marit Jørgensen.

TILSETTE

Jondal Sokneråd med fellesrådsfunksjon opphørte den 31.12.2019. De tilsette ved Jondal Kyrkje er frå 01.01.2020 tilsett ved Ullensvang Kyrkjelege Fellesråd (UKFR). Jondal sokneråd er ikkje lenger arbeidsgjevar for dei tilsette i Jondal.

SOKNERÅDSARBEID

Soknerådet starta opp arbeidet sitt i november 2019.

Jondal Sokneråd 2019-2023 vart eitt av åtte sokn i Ullensvang kyrkjelege fellesråd frå 1.1.2020. Jondal var einaste sokneråd med fellesrådsfunksjon som no vart underlagt Ullensvang kyrkjelege fellesråd. Alle medlemmar i soknerådet var nye i tenesta, ingen frå det avtroppande rådet vart med vidare. Rådet brukte difor lang tid på å verta kjende med ansvarsoppgåver, rutinar og system for å komme inn i arbeidet. Særleg vart det utfordrande å skulle skilja ut og definera oppgåver for soknerådet som no ikkje også var fellesråd. Vi hadde ikkje andre sokn å jamføra oss med.

Korona pandemien har prega aktiviteten i samfunnet generelt. Kyrkja har ikkje vore noko unnatak. Det har vore mindre aktivitet og møtepunkter på grunn av restriksjonar i følge både nasjonale og lokale smittevernreglar.

Det har vore færre gudstenester enn vanleg i kyrkja. Men kreative medarbeidarar i kyrkja vår har likevel funne det mogleg å oppretthalda ein viss aktivitet gjennom direkte streaming eller opptak av både gudstenester, salmekveldar, konsertar.

Bebuarane på Vikevollen har hatt tilgang til å følgja arrangement ved overføring som vanleg.

Konfirmasjonen som vanlegvis er fyrste helga i mai vart utsett til august og gjennomført då, med nokre restriksjonar og begrensa tal som kunne vera til stades.

Det var 9 konfirmantar.

- Soknerådet har hatt 10 møter og behandla 50 saker.
- Soknemøte for 2019 vart ikkje gjennomført grunna koronasituasjonen, men ei forenkla årsmelding vert lagt ut på kyrkjas nettside.
- Gjennom pandemien har det vore naudsynt med 2 kyrkjevertar på dei arrangementa som har vore gjennomført i kyrkja.
- Det har ikkje vore kyrkjekaffi grunna restriksjonar dette året.
- Sommersamlinga for tilsette/rådsmedlemmar måtte gå ut grunna pandemien.
- Open kyrkje sommar 2020 var ikkje mogleg i trå med nasjonale føringar og restriksjonar jmf. pandemi.

GUDSTENESTER OG ANDRE SAMLINGAR

- Det har vore 32 gudstenester i Jondal kyrkje i 2020. Mange streama til Vikevollen.
- Det har vore 1246 deltakarar på gudsteneste i Jondal Kyrkje dette året.
- Ljosmesser i 2020: Kl.16.00 for barnekor, familiar og andre påmelde.
Kl 18 for konfirmantane og deira foreldre. Det blei streama ut.
- Det har vore 8 salmekveldar. Dei har vore gjennomført anten live eller streama/opptak.
- Prest og kantor har i mange tiår hatt andakter på Vikevollen ca anna kvar veke i skuleåret. Under pandemien hadde vi ikkje fysiske andakter i perioden mars-mai, men følgde ellers oppsatt plan. Det vart i laga 2-3 andaktsvideoar i mars-mai.
- Det har vore 7 konsertar, 3 av desse var lunsjkonsertar

STATISTIKK KYRKJELEGE HANDLINGAR 2020

Vigslar	1
Dåp	9
Gravferder	12
Antal gudstenester	32
Konfirmerte	9

ØKONOMI

Det har komme inn offer	kr 20.870,30
Tilskot og gaver inn	kr 17.003,25

Jondal Sokneråd fekk tilbakeført 200.000 kr frå UKFR, då pengar urettvis vart førd over til UKFR i samband med kommunesamanslåing 2020. Soknerådet hadde dermed ca kr. 360 000 på konto.

KYRKJEMUSIKALSK ARBEID

Jondal Grendakor er soknet sitt trufaste vaksenkor.

Barnekoret Solstråla utgjer det yngste innslaget i korarbeidet.

Kantor har laga eigen årsmelding for kyrkjemusikalsk arbeid og tiltak i samband med trusopplæring

Sjå vedlegg.

ANNA

Fasteaksjonen var i 2020 digital.

Soknerådet har hatt grundig gjennomgang av smittevernplan og gjennomføring av smittevernreglar under gudsteneste og andre tilskipingar.

Margot Helene Backer-Owe vart tilsett som diakonimedarbeidar for alle sokna.

VEGEN VIDARE

2020 vart eit år prega av pandemi og restriksjonar. Men òg av å finna ei ny form for soknerådet, soknerådsarbeidet og staben. Alt var nytt og mykje måtte lærast. Målet var at rådet i 2021 skulle nytta tida meir til arbeid med trusopplæringsplanen og kyrkjemusikalsk plan. Det var òg ynskjeleg med meir fokus på diakonalt arbeid. Noko av dette er vi i gong med, men vi veit i skrivande stund at 2021 ikkje vart så annleis enn 2020.

Vi ynskjer å takke alle dei som bidreg til at Jondal Kyrkje er ein levande stad å komme, både tilsette og frivillige. Dei tilsette har vore med på ein stor omorganisering og ei tid prega av endring og uvisse. Dette har kravd mykje av dei. Vi er takksame for den flotte jobben dei gjer, for engasjementet dei synar og for kjærleiken dei har til kyrkja vår.

Vi i soknerådet håper å verta meir synlege i tida framigjennom.

Vi ynskjer..

- ..å bidra til at Jondal Kyrkje er ei ope kyrkje med mykje aktivitet, med «høgt under taket» og med rom for alle dei som vil komma.
- ..at Jondal kyrkje skal vera ein god plass å vera både for tilsette og medlemmene i soknet.
- ..i tida som kjem, å få til meir aktivitet og å få fleire frivillige med i arbeidet.

Jondal Sokneråd,
Oktober 2021

Spørsmål eller andre tilbakemeldingar må sendast skrifteleg eller pr. e-post til
Leiar Anne Røymstad, anneroymstad@icloud.com , innan fredag 5/11- kl.12.00.
Revidert rekneskap blir lagt ut på møtet.